



Lindås og Meland sau og geit
Jahn Tommy Midtgård
Eidavegen 451
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/368 - 14/22203

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2014

Søknad om støtte til bedriftsutvikling-/etablering

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå Lindås og Meland Sau og Geit med 5.000 kroner til å gjennomføre Landbruksdagen. Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksutgreiing:

Lanbruksorganisasjonane i Austrheim, med landbrukskvinnelaget i spissen, står for den årlege landbruksdagen. Etter kvart har arrangementet vakse seg så stort at kårings sjået er blitt det største i landet. Men landbruksdagen er meir enn kåringar. Utstilling av landbruksutstyr, sal av brukskunst, kortreist mat og nygrilla hjortekjøtt og andre lanbruksprodukt er også viktige delar av landbruksdagen. Austrheim kyst- og sogelag har ansvar for utstilling av eldre reidskaper og foto frå farne tider.

Søknaden kom inn rett før gjennomføring av Landbruksdagen 2014, og saksframstillinga er gjort i etterkant av denne dagen.

På lørdag den 27. september 2014 skal Lindås og Meland Sau og Geit, saman med m.a. Radøy Sau og Geit, Austrheim Sau og Geit og Austrheim Bondekvinnelag arrangere Landbruksdag i og rundt idrettshallen på Austrheim. Her vil det verta utstilling og bedømming av ca 270 værlam, som skal brukast i avlsarbeidet seinare i haust, og aktørane legg det opp slik at publikum skal få sjå på nært hold korleis bedømminga vert gjort. Dette vert eit av landets største kårings sjå/lammeutstilling, og det er aktørane sjølv sagt stolte av. I



tillegg kjem det utstillarar frå heile Nordhordland, og det vert salg av lokalprodusert mat og handverk. Aktørane legg opp til aktivitetar for store og små, som hesteriding og traktorkjøring, og utstilling av ulike rasar av storfe og smådyr som kaniner og høner. Dette gjer dei fordi dei ønskjer å presentere landbruket i Nordhordland på ein positiv måte, og visa at me i høgste grad har eit levande landbruk i regionen vår.

For at landbruksdagen skal vera attraktiv for alle, legg me opp til at alle aktivitetar skal vera gratis, og heile arrangementet er basert på dugnad. Dette medfører sjølvstøtte ein del utgifter for Lindås og Meland Sau og Geit, men Austrheim kommune har vore positive til tiltaket og låner oss ein stor telthall vederlagsfritt, i tillegg til at me får ein del dugnadsmidlar.

Lindås Kommune ser nytten i at ein slik dag vert arrangert i regionen, og er difor positiv til å støtte dette arrangementet. Radøy har støtta med 5.000 kr.

Med referanse til retningslinjene for næringsfondet skal støtte gå til m.a. marknadsføring og produktutvikling. Vidare er næringsfondet positiv til samarbeid mellom bedrifter (nettverk).

I strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) står det også følgjande om landbruk som viktig næring for kommunane: «eit aktivt landbruk er med på å setje eit særpreg på kulturlandskapet, og utgjer ein viktig kulturbærar i regionen», «eit aktivt landbruk er viktig, og tiltak må setjast i verk for å styrke næringsgrunnlaget for både heiltids- og deltidsbonden». Landbruk er også eksplisitt nemnd som ein strategisk satsing i næringsplanen.

Rådmannen meiner at eit slikt arrangement er næringsfremmande, og vil difor støtte søknaden frå Lindås og Meland Sau og Geit.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jorunn K Fosse

Mottakarar:

Lindås og Meland sau og geit

Eidavegen 451

5993

OSTEREIDET